



Møteprotokoll

Utval:	Valutval
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	26.03.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Roger André Solheim	Ap	medlem
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Sindre Rotevatn	H	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Henriette Hafsaas	MDG	medlem
Gudrun Kløve Juuhl	R	nestleiar
Ola Perry Saure	SP	leiar
Rebecca Riise Bjerknes	SP	medlem
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem
Stig Helland	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Margrete Trovåg	Ap	Connie Steffenakk Bakke	Ap
Dagfinn Kristiansen	INP	Finn Arne Follestad	UAV

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/903
PS 02/26	Sunnmøre regionråd - Omdanning frå interkommunalt selskap (IKS) til interkommunalt politisk råd (IPR) som eige rettssubjekt	21/6137
PS 03/26	Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026-2028	22/2955

Volda, 08.04.2026

Ola Perry Saure
leiar

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

PS 02/26 Sunnmøre regionråd - Omdanning frå interkommunalt selskap (IKS) til interkommunalt politisk råd (IPR) som eige rettssubjekt

Vedtak:

Valutvalet si tilråding til kommunestyret:

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Volda kommunestyre oppnemner ordførar som medlem og varaordførar som første varamedlem og Connie Steffenakk Bakke som andre varamedlem i representantskapet i Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Behandling:

Nytt forslag får Ola Perry Saure:

Connie Steffenakk Bakke som andre vara.

Votering

Samrøystes vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 29/26:

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Volda kommunestyre oppnemner ordførar som medlem og varaordførar som første varamedlem og som andre varamedlem i representantskapet i Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

PS 03/26 Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026-2028

Vedtak:

Valutvalet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vel Annlaug Stokke som styremedlem i Sunnmøre friluftsråd (KO) og Stig Helland som personleg vara.

Behandling:

Nytt forslag frå Ola Perry Saure (SP):

Styremedlem Rebecca Riise Bjerknes og Stig Helland som varamedlem.

Nytt forslag frå Henriette Hafsaas (Mdg):

Styremedlem Annlaug Stokke.

Votering

Annlaug Stokke fekk 7 stemmer og vart valt (1 Mdg, 1 R, 1 V, 1 Inp, 2 H og 1 Frp), Rebecca Riise Bjerknes fekk 6 stemmer (2 SP, 1 Krf, 1 SV, 2 AP).
Stig Helland vart einstemmig valt som varamedlem.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vel som styremedlem i Sunnmøre friluftsråd (KO) og som personleg vara.